



Betelskipet kjem til Sandakaien laurdag.

Laurdag 9. juni kjem Betelskipet Elieser 6 til Sandakaien i Uskedalen. Det er den indre Sjømannsmisjon sin flytande farkost som vitjar bygda.

Historia til Betelskipa minner om tidlegare tider då fiskeria var på sitt beste langs kysten. Då var det primitive og vanskelege tilhøve for fiskarane. Betelskipa låg då som hjelpestasjonar langs kysten. Her fekk fiskarane mat, vask og kvile i ein hektisk kvardag. Og ombord fekk dei også høyra Guds Ord forkynt.

Tidene endrar seg og også Betelskipet har endra ein god del på oppgåvene, men framleis kallar det folk om bord til song og musikk, kaffi og kaker – og eit andaktsord.

Laurdag er det møte om kvelden (19.00) og alle er velkomne ombord.

Tormod Myklebust